



## Statens vegvesen

Ard Arealplan  
Nygårdsgaten 114  
5008 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
17/10751-3

Dykkar referanse:  
ard16048

Vår dato:  
30.03.2017

### Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplan Dalekletten gnr. 35 bnr. 277 mfl. – Toftøy Øygarden kommune

Vi syner til varsel om oppstart av planarbeid – detaljregulering for Dalekletten, gnr. 35 bnr. 277, Toftøy i Øygarden kommune.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå til at føringane i Nasjonal Transportplan (NTP), Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### Saksopplysningar:

Planområdet er på ca. 109 DAA og ligg på Toftøy mellom Fv. 225 og Fv. 561. Området er i kommuneplanens arealdel sett av til bustadføremål og gjennomføringssone for felles planlegging. Ein del av arealet vist som gjennomføringssone, inngår ikkje i planområdet.

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for konsentrerte bustadar, gjerne med mindre bueiningar. Planen legg opp til å ruste opp krysset mellom Fv. 225 og Fv. 561. Det vert opplyst at det er tenkt å legge inn eit venstresvingfelt som avkøyrsløse til Fv. 225. Vidare er det tenkt å regulere inn ein snuplass og haldeplass for buss ved krysset for å erstatte busstoppa som ligg i 80-sona før krysset.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Arealpolitiske føringar for planarbeidet:**

Av statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging går det fram at «*Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikkikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.*

*Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange.»*

**Uttale til oppstartsvarsel:**

Statens vegvesen bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessar:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til riksveg/fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til riksveg/fylkesveg
- Vegtrafikkstøy

**Konkrete vurderingar:**

- I oppstartsvarsel vert det opplyst at eit mindre område i nord vist som gjennomføringssone i kommuneplanen, ikkje er tenkt regulert. Dette fordi ein ser på høgdedraget som ei naturleg avgrensing av området. Statens vegvesen meiner dette er eit uheldig plangrep då det erfaringsmessig ikkje vil bli sett krav om utarbeiding av reguleringsplan (med rekkefølgjekrav) for ein resttomt. Dersom dette arealet skal nyttast til noko anna enn bustad, bør dette avklarast gjennom detaljreguleringa for Dalekletten.
- I *Rammeplan for avkøyrslar og byggjeregner på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)*, er fylkesvegen forbi planområdet vist med **haldningsklasse 2**. Dette vil mellom anna seie at at byggjeregnera langs Fv. 561 skal være 50 meter.

Byggjeregnera på 50 meter bør innarbeidast i detaljplanen for Dalekletten. Statens vegvesen vil kunne akseptere at interne tilkomstvegar og eventuelle støyreducerande tiltak vert plassert nærare fylkesvegen. Vi legg til grunn at det i samband med planarbeidet vil bli utarbeidd ei støyfagleg utgreiing som blir bestemmende for plasseringa av avbøtande tiltak knytt til vegtrafikkstøy. Delar av planområdet ligg i gul støysone.

- Det vert opplyst at ein tenker å leggje opp til ei einssidig busslomme ved kryss Fv. 561 og 225 og at denne skal erstatte busshaldeplassar i begge retningar. Statens vegvesen viser til at erfaringane knytt til denne typen løysing er varierende, noko også Øygarden kommune er kjend med. Mellom anna er det peikt på at dette er ei løysing til hinder for rutetrafikken og at det også medfører fleire konfliktpunkter ved at bussane må krysse køyrebanane fleire gonger. Vi vil i utgangspunktet rå i frå at det i reguleringsplanen vert lagt opp til etablering av ei einssidig busslomme.
- Dagens gang- og sykkelveg er køyrbar og utgjer tilkomst til fleire eigedomar innanfor planområdet. Statens vegvesen vil ikkje akseptere at denne løysinga vert vidareført i ny reguleringsplan.



**Figur 1 køyrbar gang- og sykkelveg**

#### Tekniske teikningar og føresegner

Skilta fart på Fv. 561 er 80 km/t. Jfr. Nasjonal vegdatabank er årstdøgnetrafikken (ÅDT) nord for kryss med Fv. 551 (Fv. 561, hp3 km 4,334) berekna til 4100. Sør for krysset er trafikken noko høgare. (ÅDT= 5200).

Planlegging av tiltak knytt til fylkesveganlegget, slik som til dømes kryss, avkøyrslar og vegstrekingar, må skje i samråd med Statens vegvesen.

Det må dokumenterast at dei planlagde vegtiltaka kan byggast i samsvar med vegnormalene og at det er avsett tilstrekkeleg areal til dei i reguleringsplanen. I område med krevjande grunntilhøve, må det også dokumenterast at det kan byggast veg på den aktuelle staden.

Tekniske teikningar for reguleringsplan utarbeida i samsvar med Statens vegvesens handbok R700 *Tegningsgrunnlag* og tilpassa omfanget av den aktuelle planen vil vere eit godt utgangspunkt for våre vurderingar. Vi ynskjer å få teknisk plan til gjennomsyn før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar. I føresegnene bør det innarbeidast krav om at ein byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak.

Når planen vert lagt ut til offentleg høyring og det ligg føre eit konkret planforslag vil vi vurdere om våre trafikkfaglege merknader er tekne tilstrekkeleg omsyn til.

Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN